

# Utpå stupe

**S**OMMARKVELDS TID sat der gjerne ein lysklædd gammal mann på bakkane ute ved sjøen.

Der hadde dei set han i alle dei år, og like frammand for dem var han. Han var ikkje her frå lande, han hadde komme hit langveges frå, og budde i det store huse inni bjørkskogen. Han kunde sitte der timevis, ein skulde mest tru han stirde seg forundra på skjære som hildra opp uti have.

Småguten kom over vollen og i nærheita med han, hoppa litt på ein fot, slo hjul eit par gonger, og så var han tett attmed kvitskjeggen. – Sitt du og ser på sjøfuglen du? spurte han ein gong. – Mannen rista på hovude. – Sitt du berre slik lel da? spurte guten. – Da smilte gamlingen til han. – Eg veit om ein fuglreir her straks nedanfor deg, sa han ein annan gong, vil du sjå han? – Mannen rista på hovude da òg. Men han la da frå seg tankane sine og såg på ein. Han kunde sjå utrulig mildt på ein. Men småguten vart still og drog seg unda, så rare var auga i denne frammandkaren – guten kasta med nakken og tråva hest nedetter standvollen, tok tvirene og knegga høgt da han var langt nok unda. Heile tida kjente han at mannen såg etter han. – Det er meg ein arti tulling, sa småguten; dei sa det alle smågutane som hadde vore bortved han.

Dei som vaksne var sa så ymse om han. – Kva er det han har å minnst, alt i hop? kunde dei seie. Han må ha ei lang saga bakom seg. – Han får ha Guds fred der han sitt, sa dei som eldst var.

Gong og annan kom der eit kvinnemenneske og sat breiddmed han. Ho var like frammand der som han. Der sat dei. Han var lysklædd, og ho var klædd i svart. Det såg ikkje ut som dei hadde stort å snakke om. Somtid gjekk dei heilt ned til sjøen og reika fjæra frammed. Ofte skildest dei og gjekk kvar sin veg.

Ein dagen han reiste seg fall han framover og ned bakken, vart så liggande på vollen nedunder, til kvinna kom og reiste han opp; – det er kvinna sin gjerning, sa gammalt folk. Han var ikkje så død som han såg ut til, han kunde enda sette fot under seg så ho fekk han heim utan hjelp, bort til det huse ho budde i, for dit var stuttaste vegen.

Der vart han liggande til det var slut med han. Ein vêrsliten og draumlaus mann: han hadde set det live kunde syne han, og litt til. Over det andlete hadde der fare mang ei frostnatt, kunde dei sjå; og enda var der som ein liten smil av kveldsol over det, dei visste ikkje rettare å seie det, og den synte seg meir dess lenger det leid med han.

Sistpå låg mannen og tala, der var stunder da dei trudde han var heilt frisk att. Det var i huse hoss ein gammal prest han låg, og presten var det han tala med. Flytt for flytt gjekk han gjennom livssoga si. Det var som eit slag eventyr han fortalde. Den svartklædde kvinna sat still og hørte på.